

## MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARER TIL MERKNADER/ UTTALELSER ETTER VARSLING

|                        |  |
|------------------------|--|
| <b>Plannavn</b>        | Austmarka sentrum, gnr. 79, bnr. 107, 109, 110 m.fl. |
| <b>Arealplan-ID</b>    | 1260-2017000500                                      |
| <b>Saksnummer</b>      |  |
| <b>Utarbeidet av</b>   | Ard arealplan as                                     |
| <b>Datert/Revidert</b> | 15.11.17   |

| <b>Avsender</b>                | <b>Hovedpunkt i merknad / uttalelse</b>   | <b>Forslagsstillers kommentar</b>   |
|--------------------------------|---|---|
| <b>Offentlige</b>              |   |   |
| BKK (09.08.17)                 | <p>1. Det må ikke setje i verk tiltak som forringar tilkomsten til BKK sine anlegg. Ein må heller ikke gjøre inngrep som fører til overdekning over kablar.</p> <p>2. Traser for kabelanlegg i bakken må ikke teiknast inn på plankart.</p> <p>3. Andre forhold:<br/>Det kan verte behov for en eller fleire nye nettstasjonar i området. Nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veggant og utanfor vegens frisiktsoner. Nettstasjonar kan også etablerast i eigne rom i bygg. For både nye og eksisterande nettstasjonar må disse stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater.</p> <p>4. Høgspenningskablane som ligg innanfor planområdet må takast omsyn til. Det viktigaste er at det ikke vert planlagt bygg over eller nært ved kabelgrøfta slik at kabelanlegget kan utsettast for fare og framtidig tilkomst til kabelanlegget ikke er mogleg. Det er ikke ynskjeleg at kablane vert flytta. Det må bestillast kabelpåvising for en nøyaktig plassering i terrenget.</p>  | <p>1. Teke til etterretning</p> <p>2. Teke til etterretning</p> <p>3. Teke til etterretning</p> <p>4. Teke til etterretning</p>   |
| Statens vegvesen<br>(24.08.17) | <p>1. Ber om at følgande tema vert tekne omsyn til i reguleringsprosessane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar mm.)</li> <li>- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsle planområde og nærliggande målpunkt (t.d. busshaldeplasser, skule m.m.)</li> <li>- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg</li> <li>- Vegtrafikkstøy</li> <li>- Tekniske veiteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker</li> <li>- Universell utforming</li> </ul> <p>2. Fylkesvegen vest for planområdet er del av det overordna fylkesvegnettet. Planarbeidet må henvende seg til alle trafikantgrupper i området. Ein må tenke trafikktryggleik både langs fv. 565 og andre målpunkt som til dømes Sæbø skule og busshaldeplass.</p> <p>3. Statens vegvesen vil i løpet av hausten 2017 varsle oppstart av planarbeid for fylkesvegen.</p> <p>4. Planarbeidet må vurdera om veganleggja i planen Austmarka Øvre (2011) er tilstrekkeleg dimensjonert for vidare utbygging og auka trafikk som følgje av planen for Austmarka sentrum.</p> <p>5. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens trafikksituasjon i området, og som må leggast til grunn for det vidare planarbeidet. Det må vurderast om det er tilstrekkeleg kapasitet i kryss mellom fylkesveg 565 og kommunal veg, og om dagens veganlegg er dimensjonert for utbygginga.</p> | <p>1. Teke til etterretning</p> <p>2. Teke til etterretning</p> <p>3. Teke til etterretning</p> <p>4. Teke til etterretning – det vert gjennomført ein trafikkvurdering i samband med reguleringsplanen</p> <p>5. Teke til etterretning – Trafikk er eit viktig tema i planskildringa. Det vil utarbeidast ein trafikkanalyse av nye tiltak i reguleringsplanen.</p> <p>6. Teke til etterretning</p> <p>7. Kryss/avkjørsle inn mot Sæbø skule er regulert i Austmarka Øvre-planen. Det er ikke aktuelt å regulere dette i samband med denne reguleringsplanen. SVV skal gjennomføre ei eige plan for fylkesvegen og bør inkludere krysset i denne. Tiltaka som er planlagt i denne reguleringsplanen er i all hovudsak bustad og noko mindre areal for forretning/tenesteyting/kontor. Det vil gjennomforast ein trafikkvurdering av desse tiltaka og korleis dei verker på krysset. Butikkar i nordleg del av planområdet er allereie etablert i tråd med Austmarka Øvre-planen.</p> <p>8. Teke til etterretning</p> <p>9. Det er 30 meters byggjegrense for allereie utbygga areal for daglegvareahandel og liknande. Ein kan ikke sjå at det skal vere naudsynt å auke byggjegrensa til 50 meter i eit område kor fylkesvegen går i ein rett line og areal like nord for ynska tiltak er 20 meter kortare.</p> <p>10. Plangrensa er satt i samråde med planadministrasjonen i Radøy kommune. I hovudsak er området i nord teke med for å kartfeste allereie etablert vegtilkomst i</p> |

|                                      |  |  |
|--------------------------------------|--|--|
|                                      | <ol style="list-style-type: none"> <li>6. Trafikktryggleiken for mjuke trafikantar må vurderast særleg i planarbeidet. Vidare må ein syna ein samanheng i vegsystemet mellom denne planen, Austmarka Øvre og vidare utbygging i samsvar med Kommunedelplan for Radøy sør.</li> <li>7. Rår til at planområdet vert utvida i retning nord mot Sæbø skule slik at kommunal veg med tilhøyrande veganlegg vert innlemma i planområdet.</li> <li>8. SVV vil sjå på omfanget av planlagd utbygging om det skal stillast krav om rekjkjefølje for veg- og trafikktryggleikstiltak.</li> <li>9. Utgangspunktet er at det er 50 meter byggjegrense for strekninga langs fv. 565. Byggjegrensa kan likevel verte påverka av SVV sitt planarbeid for fv. 565.</li> <li>10. Avkøyrsla frå offentleg veg må gå om kommunal veg. SVV tolkar at plangrensa ikkje omfattar sjølve avkøyrsla frå offentleg veg. Ein må i det vidare planarbeidet sørge for at planen heimlar slik tilkomst.</li> <li>11. Informerer om at deler av planområdet ligg i raud og gul støysone jf. Statens vegvesen sine støyvarslingskart. Dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone, skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei stoyfagleg utgreiing saman med planframlegget.</li> </ol> | <p>plan. Vegtilkomsten er handsama i byggjesak og etablert og ein kan ikkje sjå at det er føremålstenleg å ta med meir vegareal. Tilkomst/avkøyrsla til arealet er regulert i Austmarka Øvre-planen</p> <p>11. Teke til etterretning</p>   |
| Hordaland fylkeskommune (04.09.2017) | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oppstartsmeldinga gjev utsyn for at planarbeidet skal byggje opp under vidareutviklinga av Austmarka som lokalsenter, og nemner at det kan vere aktuelt med ei føremålsblanding mellom næring og bustad. Vi saknar ei tydelegare avklaring om føremåla med planen.</li> <li>2. Regional areal og transportplan for Bergensområdet, som vart vedteken juni 2017, gjev retningslinjer for eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsigkt grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar. Ber om at vidare planarbeid og eventuell bustadutvikling vert vurdert opp mot regionale retningslinjer for samordna areal- og transport.</li> <li>3. Har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet.</li> <li>4. Minner om sitt fråsegn i samband med områdedplan for Austmarka – Storheim når det gjeld kollektiv.</li> <li>5.</li> </ol>   | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Oppstartsmeldinga er tydeleg i at detaljreguleringa har som mål å byggje opp under den lokalsenterutviklinga som er i gong på Austmarka. Det eine arealet ligg som næring og det andre arealet ligg som bustad. Tanken er at det kan vere meir føremålstenleg å regulere blanda føremål Bustad/næring på begge områda. Å kunne sjå begge areala under eitt, som eit bustadområde med næring i fyrste etasje vil vere positivt for dei som skal bu der i framtida og for sentrerutviklinga på Austmarka.</li> <li>2. Austmarka ligg særst godt til, med relativt god kollektivdekning (ca. ein gong i timen), det er nyleg opna daglegvarebutikk og blomsterbutikk innanfor planområdet og Sæbø skule og barnehage ligg under 100 meter frå planområdet. Ein finn og ein idrettsplass og eit fin og opparbeida friluftsområde like i nærlieken. Det er krav om gang- og sykkelveg mot skule i gjeldande kommunedelplan for Radøy sør.</li> <li>3. Teke til etterretning</li> <li>4. Dette planarbeidet hold seg til overordna kommunedelplan for Radøy sør. Statens vegvesen skal snart gå i gong med planarbeid for fylkesvegen. Dette vil truleg innehalde løysing for kollektivtrafikk.</li> </ol> |
| Fylkesmannen i Hordaland (9.8.2017)  | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar.</li> <li>2. Fylkesmannen ser ikkje at meldinga om oppstart er i strid med nasjonale føresetnader og forventningar til arealpolitikken.</li> <li>3. Fylkesmannen lister opp krav om: <ul style="list-style-type: none"> <li>- ROS-analyse</li> <li>- statlege planretningslinje for klima- og arealplanlegging</li> <li>- nasjonale forventningane til kommunal planlegging</li> <li>- statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging</li> <li>- Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller nærmare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen</li> <li>- forventning i folkehelselova om at kommunane skal legge til rette for eit langsigkt og systematisk folkehelsearbeid</li> <li>- Friluftsliv</li> </ul> </li> </ol>  | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Teke til etterretning</li> <li>2. Teke til etterretning</li> <li>3. Teke til etterretning</li> </ol>   |

|  |   |  |
|--|---|--|
|  | <ul style="list-style-type: none"><li>- Busetting av flyktingar</li><li>- Retningslinje T-1442/2016 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn av kommunane i planlegginga deira</li><li>- Retningslinje T-1520/2012 om behandling av luftkvalitet i arealplanlegging</li><li>- Den nasjonale jordvernstrategien</li><li>- konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova</li><li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li><li>- Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1</li></ul> |  |
|--|---|--|